

Lyser ut 10 millionar til regionale innovasjonsprosjekt og samarbeidsprosjekt

Utlysinga ha tema Klimaomstilling og grønt skifte og Samfunnstryggleik og beredskap. Bedrifter og kommunar og forskingsorganisasjonar i Vestland kan søkje til fristen 20. oktober.

PUBLISERT 25. JUN. 2021 OPPDATERT 27. JAN. 2022

RFF Vestland ønskjer velkomen søknader som dekker eitt eller begge temaområda i utlysinga:

Klimaomstilling og grønt skifte

Klimaomstilling omfattar både klimagassreduksjon og klimatilpassing. Det grøne skiftet handlar om omstilling til eit samfunn der utvikling og vekst skjer innafør tolegrensa til naturen. Sirkulærøkonomi, fornybare ressursar og bioøkonomi er sentrale stikkord her.

RFF Vestland vil prioritere prosjekt som er bransjekryssande og tek utgangspunkt i særlege vestnorske utfordringar og potensial.

Samfunnstryggleik og beredskap

Temaområdet omfattar eit vidt spekter av fag- og ansvarsområde. Tema handlar om å ha oversikt over risiko og sårbarheit i samfunnet og forebygge ulykker, kriser og andre uønskte hendingar. Dessutan handlar det om effektiv ulykkes- og krisehandtering.

RFF Vestland vil prioritere prosjekt som bidrar til å styrke samhandling mellom fleire nivå og ansvarsområde.

Dei ulike søknadstypane

Alle prosjekta skal ha eit omfattande innhald av forskning og utvikling (FoU) og stimulere til auka innovasjon og berekraftig verdiskaping i Vestland.

[Innovasjonsprosjekt i næringslivet](#) skal gi eit vesentleg bidrag til innovasjon og berekraftig verdiskaping for bedriftene som deltek i prosjektet. Dei skal også gi samfunnsøkonomiske gevinstar i Vestland fylke, ved at ny kunnskap og nye løysingar blir gjort breitt tilgjengeleg.

[Innovasjonsprosjekt i kommunal sektor](#) skal ta utgangspunkt i behov og utfordringar for kommunal sektor og inngå i verksemda sine planer for utvikling. Dei skal gi eit vesentleg bidrag til innovasjon og verdiskaping i kommunal sektor i Vestland.

[Samarbeidsprosjekt](#) skal utvikle ny kunnskap og bygge forskingskompetanse som kommunane og/eller næringslivet i Vestland treng for å møte viktige samfunnsutfordringar. Prosjekta skal stimulere og støtte samarbeid mellom forskingsorganisasjonar og næringsliv/kommunal sektor i Vestland og danne grunnlag for innovasjon og berekraftig verdiskaping.

Samla pott på 10 millionar

Kvart forskingsprosjekt kan få mellom 1-3 millionar kroner i støtte. Når vi har 10 millionar i potten til dei tre utlysingane, kan berre nokre få prosjekt få støtte.

Søknadsfristen er 20. oktober 2021.

Meldinger ved utskriftstidspunkt 4. juni 2026, kl. 19.30 CEST

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.